


Per Magne Tengesdal

Tengesdal skule



Denne skulekretsen var for gardane; Tengesdal-nordre, Tengesdal-søre, Hetland, Helland og Varp. Den første faste skulen (1) stod under Litlhaug, og den nye skulen (2) står på Tengesdalsmone.

Det gjekk forholdsvis lenge før det kom fast skulehus i Tengesdalkrinsen.

Omgangsskule

Onkel Jens, Jens P. Tengesdal f. 1890, skreiv at Serine, eldstesøster, f. 1888, gjekk det første året i omgangsskule på Tengesdal. Iflg. Jørgen Skjæveland var kommunen delt i 3 skuleområde. Tengesdal N og S hørte til Nedre distrikt og 1. rode saman med Aasen, Sagland, Vinningland og Hetland, Varp og Helland. Her gjekk skulen på omgang mellom heimane med nokre dagar skule på kvar gard og få veker i året. Seinare vart gardane Aasen, Sagland og Vinningland lagde under Bjerkreim skulekrins.

Jens fortalde at han hugsa at skulen var halden i stova i heimen, og at mora laga varm middagsmat som ho serverte. Husets folk åt på kjøkkenet dei dagane det var skule. Læraren var visstnok Tollef Gjedrem, som også hadde skult mora, som kom frå Versland.

I 1890 var det eit krinsmøte som vedtok at det skulle byggjast skulehus og verta fast skule på Tengesdal. Her vart også gjort vedtak om innhald og ytra ønskje om lærar. Men det heldt fram med omgangsskule til det stod klar skulehus. Intredalen og Foretangen skulle overflyttast til Ognedal krins. Plassering av huset vart avgjort i 1894. Då vart det også løyvt kr. 95,- til bygginga som Tønnes og Reiar Tengesdal skulle gjera. Tønnes O Hetland, Tollef P. Hetland, Ole Varp og Peder J. Tengesdal vart valde til byggekomite. Amtet hadde løyvd kr. 500,- og Soknet kr. 80,- til arbeidet. Dersom kostnaden vart høgare, skulle det utliknast på gardane i krinsen. Anders Litla-Ege skulle byggja grunnmuren for «høyst kr. 1,50 pr dag».

Fast skulebygg

Huset vart bygt under Litlhaug. Det var eit heller lite hus. Seinare vart det bygd ein lærarbustad innåt.



*Tengesdal gamle skulehus ca. 1900. Foto A.F.
Det gamle klyngetunet i bakgrunnen. Utsiftinga var i 1902.
Truleg fotografert før lærarbustad vart bygd innåt.*

Reier Tengesdal tok på seg reinhald, brensel og fyring for kr. 15,- for året. Denne kostnaden vart utlikna på gardane i krinsen (etter evne? Varierende mellom kr. 1,10 og kr. 0,55) Skulehuset stod ferdig til skuleåret 1896/97. Då var det 8 born i storskulen og 15 i småskulen. Nokre av lærarane i denne første skulen (med tilsetjingsår) var: Gunhild Birkrem 1904, P Skillingstad 1910, P.A. Vinje 1912, Horpestad 1918, Øystein Ommedal 1919.

Ny skule og lærarbustad

Ein del år seinare, ca. 1925, vart det bygd ny skule på Tengesdal. Den nye skulen ligg på flaten eit stykke nord for brua. Skuleplassen var rektangulær og 50 m lang og 20 m brei. Jorda var utskild frå Jonas Tengesdal. br.nr 7 og fekk br.nr 10. Den gamle skulebygningen ved Litlhaug vart riven. Truleg vart noko av tømmeret brukt på den nye skulen.

Nokolunde samstundes vart det bygd lærarbustad på ein jordeig som læraren skulle driva, litt lenger inne på Tengesdal. Jorda vart kjøpt frå Henny Terland br. nr2 – i 1924 og omfatta ca 16 mål. Jorda fekk br.nr 9. Her vart det også bygd uthus med høylåve og eit lite fjøs.



Lærarbustaden om lag 1955 (Foto Norges bebyggelse).

Den nye skulebygningen stod høgt på murane, hadde ein liten gang, med eit kammers rett fram frå inngangsdøra, dette vart nytta som materialrom og til boksamlinga. Inn til høgre frå gangen låg det ei lita skulestove med vindauge mot sør-vest. Ved veggen mot kammerset stod ein vedomn med ein skjerm framfor. Framme ved kateteret stod ei vassbytte med ei drikkeause til felles bruk. Skulestova hadde oftast ikkje meir enn ei tylft pultar, som var enkle trepultar med fast, skrådd pultplate med plass for blekkhus og ei rille for penn eller blyant og med ei enkel hylle under plata. Så var det ein kjellar under bygget og eit loft som ein kom til gjennom ei luke i taket i gangen. Bygget var totalt på omlag 45 m².

Det var også eit uthus med vedskjul og lager for sløydmaterialer i den eine enden og utedo over ein betongkum i den andre enden. Her var det tre rom. Eit pissoar, og to do med dobbeltsete – eit jentedo og eit gutedo.



Skulebygningen omlag 1955. (Foto Norge bebyggelse).

Skulen som forsamlingshus

Skulen vart også nytta som forsamlingshus til religiøse og andre møte, til juletefestar, søndagsskule og som vallokale. Magnus J. Tengesdal, som flytte til Egersund tidleg, og dreiv kolonialforretning der i mange år, heldt søndagsskulen på Tengesdal i 66 år. Han kom i mange år kjørande søndag føremiddag frå byen på ein trehjuls varemotorsykel. Han bur framleis i Egersund (2013). Juletefestane samla jamleg fullt hus.

Skulevegen

Dei fleste ungane sykla eller gjekk vegen til skulen i mi tid. Men frå Varp var det lettast og raskast å gå gjennom marka forbi Dybingen og over Høgkleiva til skulen framfor å sykla vegen forbi Helland og Laksheim like til Tengesdal.

Lærar Ommedal

Ved mange av småskulane var det gjerne stor utskifting av lærarar. På Tengesdal vart det annleis. Der var Øystein Ommedal, f. 1894, lærar i »alle» år. Han kom frå Olden i Nordfjord, hadde arbeid ved Sporvegen i Oslo, og etter lærarskulen (i Førde?) kom han til Tengesdal i 1919. Han budde i lærarbustaden i den gamle skulebygningen og skulte i skuleromet ved sida av lærarstova i fleire år. Han gifta seg etter kvart med Sofia Reiardsdotter Tengesdal, f. 1904, og vart buande i

krinsen i all si tid. Først åleine i lærarbustaden som var tilbygd den gamle skulen, så som nygift der, saman med Sofia, og deretter, i 1925, flytta dei inn i den nye lærarbustaden med lærarjorda som dei dreiv lenge, med 2 -3 kyr på båsen (det vart fortalt at kyrne av og til vart mjølka om morgonen av store skulejenter). Lærarjorda vart etter kvart bortforpakta og seinare seld som tilleggsjord. Mot pensjonsalderen (i 1956) bygde han seg hus på ein fråskild del av lærarjorda og budde der livet ut. Han døydde i 1977. Sofia levde til 1996. Dermed kan ein seia at Ommedal i over 40 år var skulen i kringen.

Han deltok til liks med dei andre i det sosiale livet på garden. Eg hugsar gilde juleselskap hos læraren saman med familien vår. Vi fekk god mat og gjorde leikar. Mest spennande var det å sjå det utstoppa hjortehovudet med stort gevir som hang i gangen – og å høyra om kuleholet i veggen. Det skreiv seg frå ein gong under krigen då dei hadde gløymt å blenda gangvindauga, og ein tysk soldat skaut mot taklampa frå utsida. Han stokk visstnok fælt då Ommedal kikka ut gjennom den skundskotne ruta...

I mange år hadde læraren 2 skulekrinsar. Ommedal skulte i både Espeland og Tengesdal krinsar med to veker om gongen på kvar skule.

Han likte elles godt å fiska i elva. Og han var ein dyktig møbelsnekker. Eg trur han hadde gått i møbelsnekkerlære. Det kom til nytte i sløyden. Han var ikkje nokon stor songar, så han sa av og til at han og Klaus (Bjerkreim), som var kyrkjесongar, burde kunna bytta litt på sløyd- og songoppgåvene mellom Bjerkreim og Tengesdal skular.

Skuleminne

Då eg byrja i skulen (i 1948), var det udelt skule for alle elevane frå 1. til 7.årssteget samla. Vi var 12 skuleborn i alt det første skuleåret mitt. Eg var åleine førsteklasing – og einaste barnet, også som konfirmant, frå kringen. Eg hadde svært kort skuleveg, berre 2 -300 m. Dei yngste gjekk etter det eg hugsar, heim litt tidlegare på dagen. Seinare var skulen 2 – delt med småskule 3 dagar i veka a 5 timar, medan borna i storskulen gjekk 6 t til dagen i 3 dagar.

Dei som hadde lang veg, hadde med skulemat, medan vi som budde i nærleiken, gjekk heim og åt middag kvar skuledag. Læraren gjekk også heim og åt middag og kvilde før han kom att etter om lag ein time og heldt fram med undervisninga. I den lange fristunda vart det god tid til å leika. Vi skunda oss tilbake etter middagen og hadde tikken, prega sugga, jeppa pinne, slo ball eller sklei på (utslitne) tresko i ei sorpeskleie ned mot bekken utanfor skuleplassen. Det var alltid nokon som følgde med på når læraren kom gåande att etter middagen og kunne varsle om det.

Dei få gongene det kom filmapparat med «levande lysbilete» på skulen, vart det blenda i skulestova. Laken vart hengt opp som lerret, og interesserte foreldre vart inviterte til filmframvising av undervisningsfilmar saman med skuleborna. Stor stas! Nokre få skuleturar vart også gjennomførde, her også med føresette som deltakarar.

Ofte starta skuledagen med at læraren orienterte om aktuelle saker frå avisa eller radioen etter ei kort morgonhelsing.

Skuledagane gjekk elles i den vanlege tralten med kristendomskunnskap, rekning og norsk føre middag, og etterpå var det landkunne, saga og naturfag, med litt teikning og skriving innimellom. Ommedal var ein meister i å spissa blyantar med tollekniven. Han ville ikkje ha noko av dei moderne blytantøyleggjarane, som han kalla blyantspissarane. Å skriva fint og utan å klussa med blekk og pennesplitt, var ei utfordring. Det vart mykje skraping mot papiret og bruk av trekkpapir til forsvar mot blekkfattar.

Vi vart høyrd i leksene. Det var bra om vi kunne heimeleksa utanåt, men vi vart ofte hjelpte på glid. Det var forventa at vi helst hadde lært å lesa litt før vi byrja på skulen. Vi var også av stad på skogplanting, både i Statsskogen på Hetland, og litt «bortanfor» (Søra Tengesdal), som eg hugsar.

Siste skuledagen i veka var det ofte hyggestunder på slutten av dagen der læraren las opp for oss frå Jakob B. Bull sine bøker frå Østerdalen, Mikkel Fønhus sine villmarkforteljingar, Per Sivle, Torgeir Bjørnraa sine Dyresoger og meir, eller han fortalde frå Nordfjord om bjørnejakt og folkeliv.

I kjellaren eller i skulestova var det sløyd i ein 14-dagarsperiode om våren. Då vart sløydbenkene henta frå ein annan skule og brukte på Tengesdal. Ommedal var ein framifrå sløydlærar. Her var det også handarbeid for jentene, anten samstundes med eller etter at sløyden var ferdig. Omreisande handarbeidslærarar på 50-talet var Gudny Tysland og Astrid Vassbø. Dei kom med symaskiner og utstyr som også vart nytta ved andre skular.

Eg hadde Øystein Ommedal som læraren min i nær 7 år. Berre det siste halvåret var han sjuk, så då var det ein vikar som skulde på Tengesdal. Eg slutta på skulen våren 1955.

Andre lærarar fram mot nedlegginga var: Gunvor Reinertsen frå Egersund (seinare gift Sundvor), Hilleborg Wiig frå Orre og austlendingen Svein Arne Elvsborg. Desse var tilsette som vikarar i kortare tid. Øystein Ommedal heldt fram med lærargjerninga like mot skulenedlegginga.

Skulenedlegging

Tengesdal og Ognedal skulekrinsar vart overførde til Bjerkreim krins i sentraliseringsperioden tidleg på 60-talet. Tengesdal skule vart nedlagt våren 1961.

Dagens bruk

I dag er skulehuset mykje påbygt og vel istandsett, og under stadig renovering. Det var lenge eit bedehus under Indremisjonen, men er overtatt av innbyggjarar i gamle Tengesdal skulekrins og nyttast som krinsen sitt grendahus og møtelokale.



Tengesdal Grendahus SA. Foto Per Magne Tengesdal 2013.

Her følger nokre skulebilete frå Tengesdal



*Biletet er teke mot marka, elevane vend mot skulehuset, like ved vegen, ca 1939, fotograf ukjent.
 Bakerst frå venstre: Øystein Ommedal, Reidar Ommedal, Alf Hetland, Olav Hetland Varp,
 Odd Hetland, Lars Hetland, Gustav Tengesdal, Gunnar Tengesdal, Ommund Tengesdal.
 Neste rekkje: Elfrid Tengesdal, Palma Tengesdal, Agnes Tengesdal, Ingfrid Tengesdal (Nerhus), Teodora
 Hetland, Eldbjørg Ommedal, Selma Tengesdal, Anna Hetland
 Fremst: Gunnlaug Ommedal, Kari Hetland Varp, Anny Ommedal (ikkje skuleelev enno).*



*Elevane står på om lag same stad som på biletet 20 år tidlegare, nå 1958, foto Odd Tengesdal.
 Framme fra venstre: Bjørg Helland, Margith Hetland, Bjørghild Tengesdal, Sigrid Hetland, Ellinor
 Slettebø, Edith Tengesdal.
 2. rekke fra venstre: Marit Hetland, Astrid Helland, Magna Helland (med lue), Per Inge Skjæveland (halvt
 skjult), Engfrid Tengesdal,
 3. rekke fra venstre: Helga Ingebor Tengesdal, Astrid Skjæveland, Jens Hetland (med ei hand foran
 ansiktet), Ole Helland (halvt skjult), Sverre Helland, Einar Hetland (med lue)
 Bak fra venstre: Lærer Hilleborg Wiig, Ruth Hetland, Bjørg Slettebø, Tor Tengesdal (med lue), Alf
 Klungland (halveis bakfra), Klaus Helland.*



Nederste rekkje frå venstre: Anna Tengesdal, Gudrun Tengesdal, Randi Tengesdal, Margit Tengesdal, Abigal Tengesdal, Jenny Tengesdal, Else Tengesdal, Jens Tengesdal, Malvin Versland. Øvste rekkja frå venstre: Tønnes Tengesdal, Arne Skjæveland, Torleif Tengesdal, Arnold Tengesdal, Inge Skjæveland, Tønnes Helland, Ole Tengesdal, Øystein Ommedal (lærer) Klaus Tengesdal, Trygve Tengesdal. Legg merke med at skulen ikkje er bordkledd endå. Bildet tatt 1925, fotograf ukjent.



1 rekke fra venstre: Helga Ingeborg Tengesdal, Bjørg Slettebø, Perry Ingvar Tengesdal, Alf Klungland, Jens Hetland, Tor Tengesdal, Klaus Helland. 2. rekke fra venstre: Astrid Skjæveland, Ruth Hetland, Reidun Tengesdal, Sigrid Klungland, Magnor Tengesdal, Arnt Olav Tengesdal Bildet tatt 1957, fotograf ukjent.

Aaland Gård, mai 2013
Paul Tengesdal